



REGULERINGA

Kraftverka i Tokke reguleringsområde nyttar ut tilsiget til vassdraga som i hovudsak ligg i kommunane Tokke og Vinje, og har eit samla nedbørsfelt på tilsamans 3104 km² medrekna Hogga Kraftverk, og eit medels årleg tilsig på om lag 3,3 milliardar m³.

Reguleringsområdet i Tokke dekkjer magasina Songa, Totak, Ståvatn, Kjela- vatn, Førsvatn, Langesæ, Børdalsvatn, Byrtevatn, Langeidvatn, Våmarvatn, Bitdalsvatn, Venemovatn, Vinjevatn, Hyljelihyl, Vatjern og Bandak. Til samans kan dei innehalde 1909 Mm³ vatn. Den vassmengda gjev ein samla årsproduksjon på 4404 GWh (millionar kilowattimar) frå dei 8 kraftverka i vassdraget.

Magasina og kraftverka er knytte saman med om lag 108 km overførings- tunnelar og 32 dammar. Det er bygd ein steinfyllingsdam på Songa, som i si tid var Noregs største, med ei høgd på 40 m og ei lengd på om lag 1000 m.

For å kunne syte for tenesteytingar til anlegga i reguleringsområdet er det bygd om lag 140 km anleggsveg, han gjev òg innbyggjarar og turistar gode tilhøve for friluftsliv. Det vart òg teke del i bygginga og forsterkinga av om lag 70 km offentlege vegar.

Tokkereguleringa omfattar ei rad større og mindre fiskevatn. Kvart år vert det sett ut fleire tusen setjefisk for å betre produksjonen av fisk for dei som bur og ferdast i området. Desse utsetjingane vert regulerte av Fylkesmannen etter slik han finn det naudsynt.

Statkraft har sett opp hydrologi- stasjonar i Vågslid, Vinje og Kviteseid. Desse stasjonane syter for hydrologiske data, slike som temperatur, nedbør osv. Stasjonar for måling av vassføringa er lagde til Vågslidvatn, Tansosen, Gryåi, Byrteåi og Kilen.

For skuld dei store fall og regulerings- moglegheitene vart Tokke og Vinje vassdraget rekna som ei av dei mest høvelege kraftkjeldene i Sør-Noreg. Staten, gjennom NVE, hadde fallrettane i vassdraga. Stortinget vedtok den 23. april 1956 at bygginga skulle setjast i gong. Siste steget i utbygginga vart Hogga kraftverk, som vart sett i drift i 1987. Slik sett tok det jamt 31 år frå starten på bygginga til siste kraftverket vart starta.

Vassføringa og drift av alle dei 8 kraftverka vert fjernstyrde frå driftssentralen på Dalen.

HISTORIKK

1918

Stortinget gjev dei første løyvingane til å kjøpe fallrettane i nedste delen av Tokkevassdraget.

1956

Stortinget vedtek 23. april 1956 at bygginga av fallrettane skal setjast i gong. Finansieringa vert ordna med 2 lån i Verdsbanken på om lag 350 mill. kroner, og med sal av skuldbrev på i alt 240 mill. kroner til fylker og kommunar, og slik fekk desse rett til kraft frå verka.

1957-1961

1957: Etter at dei førebuande arbeida medrekna bygginga av Haukeli kraftverk var ferdige, kom den eigentlege anleggsdrifta i gong for fullt i 1957. Frå slutten av 1957 og fram til 1963 var mellom 800 og 1000 mann i arbeid.

1957: Haukeli kraftverk med 2 aggregat vert sett i drift. Kraftverket nyttar ut fallet frå Vatjern ned til nedste delen av Flothylåi. Stasjonen vart opphøveleg bygd for å syte for kraft til anlegget (4 MW).

1961: Første aggregatet i Tokke kraftverk vert sett i drift. Vatnet vert leia i ein 17 km lang tunnel frå Vinjevatn til osen i Bandak.

1962-1964

1962: Andre, trie og fjerde aggregatet i Tokke kraftverk vert sette i drift. Krafta frå Tokke vert leia inn på samkjøringsnettet i Sør-Noreg (430 MW).

1964: Songa kraftverk, som ligg i øvste delen av Totak, vert sett i drift. Kraftverket har hovudinntak i Songamagasinet, men nyttar òg ut vatn frå Bitdalsvatn, og frå nokre mindre bekkar som renn inn i magasinet (120 MW).

1964-1969

1964: Dei to fyrste aggregata i Vinje kraftverk vert sette i drift. Vinje kraftverk fær vatn frå Totak gjennom Våmarvatn. Vatnet vert leia i ein 3 km lang tilførsletunnel frå Våmarvatn og ned til Vinje kraftverk som ligg i øvste delen av Vinjevatn.

1965: Trie aggregatet i Vinje kraftverk vert sett i drift (300 MW).

1969: Lio kraftverk vert sett i drift. Hovudinntaket til kraftverket ligg i Byrtevatn, og vatnet er regulert med ein om lag 20 meter høg steinfyllingsdam. Kraftstasjonen ligg ved Rukke bru ovafor Dalen. Etter det renn vatnet ut i Tokkeåi (40 MW).

1969

Byrte kraftverk vert sett i drift. Kraftverket har inntaket sitt i Botnedalsvatn, der det er bygd ein reguleringsdam der vatnet renn ut i Frolandsåi. Kraftstasjonane ligg rett ovafor reguleringsdammen i Byrtevatn (20 MW).

1979-1987

1979: Kjela kraftverk vert sett i drift. Kjela kraftverk fær vatnet sitt frå Førsvatn og leiar vatnet ut i Hyljelihylen i elva Nedre Kjela (60 MW).

1987: Hogga kraftverk, siste steget i Tokke- utbygginga, vert sett i drift. Hogga kraftverk ligg i Lunde og nyttar ut fallet mellom Bandak og Nomevatn.